

Tilstandsrapport for grunnskulen i Kvam 2025

Ein tilstandsrapport/kvalitetsmelding kan inngå som ein del av skuleeigar sitt kvalitets- og utviklingsarbeid.

Les meir om lovkravet til kvalitetsutvikling i [opplæringslova § 17 - 12.](#)

Innhald

1. Samandrag.....	4
-------------------	---

2. Elevar og lærarar.....	6
2.1. Tal elevar.....	6
2.2. Lærartettleik	6
2.3. Undervisningspersonale.....	9
3. Læringsmiljø.....	10
3.1. Elevundersøkinga.....	11
3.2. Mobbing på skulen	12
4. Nasjonale prøvar	16
4.1. Nasjonale prøvar mellomtrinn	17
4.2. Nasjonale prøvar ungdomstrinn	17
4.3. Karakterar og grunnskulepoeng	18
4.4. Grunnskulepoeng	22
5. Skulebidrag.....	23
6. Fråvær og gjennomføring.....	26
6.1. Fråvær.....	26
6.2. Overgangar	27
7. Ein skule for alle.....	28
7.1. Organisasjonsutvikling	28
7.1.1. Oppfølgingsordninga	29
7.1.2. Desentralisert kompetanseutvikling	30
7.1.3. Vidareutdanning.....	31
7.1.4. Kurs tilsette	31
7.2. Tilsyn	32
7.3. Saker til politisk handsaming.....	32
7.4. Rutinar/ systemarbeid	33
7.4.1. Betre tverrfagleg innsats.....	33
7.5. PPT	34
7.6. Spesialundervisning	36
7.7. Særskild språkopplæring.....	36
7.8. Skulefritidsordninga (SFO).....	37
8. Innblikk kvar skule	39
8.1. Strandebarm skule	39

8.2. Tørvikbygd skule	41
8.3. Norheimsund skule.....	41
8.4. Øystese barneskule.....	43
8.5. Kvam ungdomsskule	44
8.6. Ålvik skule	46
8.7. Vaksenopplæringa	48

1. Samandrag

Rådmannen legg fram den årlege tilstandsrapporten frå skule for skuleåret 2024/ 2025. Frå 1. august 2024 er det ikkje lenger eit krav om at skoleeigarar må utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. Udir skriv dette som informasjon:

«Kommunen og fylkeskommunen skal arbeide for å halde ved lag og heve kvaliteten i grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa. Kommunestyret og fylkestinget skal minst éin gong i året få informasjon om læringsmiljøet, læringsresultata og gjennomføringa til elevane i opplæringa. Vår mal for tilstandsrapport er fortsatt tilgjengelig og kan brukast til dette formålet.»

Tilstandsrapporten skal gi eit bilete av skuledrifta i Kvam. Likevel er rådmannen i tvil om malen er god for å dela dette biletet. Etter endringar gjort for å stetta personvernlovgjevinga, er det mykje resultat som ikkje kan publiserast, og i tillegg tek elevane testar som skulane ikkje får sjå egne resultat på. Etter rådmannen si vurdering er det særleg i elevundersøkinga ei stor utfordring for dei elevane som har teke undersøkinga, og kanskje teke mot til seg og sagt i frå om manglande inkludering. Når rådmannen har teke kontakt med Udir om problemstillinga, er svaret at me er ein uheldig kommune når det gjeld å få resultat som kan publiserast, men og resultat til skulane. Problemstillinga vert ikkje lettare når Udir skriv dette som hjelp til å analysere resultata under overskrifta Usikkerhet: *«I all statistikk vil resultater for små skoler og kommuner være sårbare for enkeltprestasjoner. Én enkelt elev som presterer svært godt eller svært dårlig vil påvirke gjennomsnittet mye mer på en liten skole enn på en stor skole. Med andre ord må vi være forsiktige når vi sammenligner gjennomsnitt basert på få elever.»*

Usikkerheten knyttet til gjennomsnittet forteller oss hvor forsiktige vi bør være når vi sammenligninger. Alle gjennomsnitt publiseres med en usikkerhet, et intervall rundt gjennomsnittet (95% konfidensintervall). Desto flere elever gjennomsnittet er basert på, desto sikrere er vi på gjennomsnittet. På nasjonalt nivå er det for eksempel så liten usikkerhet at den ikke vises i diagrammet. Dersom du for eksempel sammenligner skolens gjennomsnitt i 2024 med skolens gjennomsnitt i 2025, og usikkerheten for disse to gjennomsnittene overlapper hverandre, kan du ikke være sikker på at disse to gjennomsnittene er forskjellige. Du kan altså ikke konkludere med at skolens resultater er bedre eller dårligere enn i fjor.»

Store delar av malen kan brukast, men dei to områda som rådmannen har sett størst interesse for når tilstandsrapporten vert delt med lokalpolitikarane, elevundersøkinga og nasjonale prøvar, er mest usikre tal og store delar ikkje tilgjengeleg å dela. Når det til dømes er 10 elevar på eit trinn, og to elevar er på meistringsnivå 1 i rekning, eller har vorte mobba, vil resultatet verta at 20% av elevane har lågt meistringsnivå og vert mobba. For elevane det gjeld, er det det same om dei er i ein stor eller liten klasse eller trinn. Men om dei to same elevane går på eit trinn med 20 elevar, vil prosenten verta 10% og skulen og trinnet vil ikkje få same negative merksemda frå media, politikarar, heimar eller lokalsamfunn.

Rådmannen har skuleåret 2024/ 2025 innført kvalitetsdialogar mellom skuleeigar og skuleleiarane tre gonger i året, kor siste kvalitetsdialogen er ei evaluering av skuleåret saman med representantar frå elevråd, tilsette, leiing og til neste skuleår også føresette. Her vert status og resultat gjennomgått og planar for innsats og tiltak for kontinuerleg forbetring lagt. Rådmannen ser at skulane har teke store steg når det gjeld systematisk utviklingsarbeid i skulane, haldningsarbeid og forståing for lovverk. I dialog 3, kor det er fleire partar som deltek, kom det fram tydeleg og eit felles engasjement for ein god skule frå elevar, tilsette og skuleleiing.

Med dette bakteppet, ynskjer rådmannen at politikarane tek tilstandsrapporten til vitande, men og seier noko om dei ynskjer endring i kva som vert lagt fram. Rådmannen si vurdering er at kvar skule sine planar for arbeidsområde ut frå resultat og analysar, vil gi meir nyttig informasjon enn «prikk resultat» kor rådmannen må formulera seg rundt og vagt om resultatet for å halda seg innanfor lovverket.

Tilstandsrapporten og malen som vert brukt gir på andre område god oversikt over elevtal, lærartettleik, utdanning undervisningspersonell, grunnskulepoeng, fråvær og overgang til vidaregåande. Tema utover dette er ikkje ein del av malen frå Udir, men noko rådmannen har utvikla over tid.

Tilstandsrapporten for 2024/ 2025 har brukt meir plass til trygt og godt skulemiljø, då dette har vore i fokus hjå politikarane i Kvam. Resultata frå elevundersøkinga visar høge mobbetal på 7. trinn, men er og noko høgare på ungdomstrinnet enn nasjonalt og Vestland.

Rådmannen har to fokus parallelt i arbeidet for eit trygt og godt skulemiljø- individsaker og systemarbeid. Individsaker må følgjast opp her og no av skulen, med aktivitetsplanar etter undersøking og tiltak på individ- gruppe- og systemnivå og jamleg evaluering. Systemarbeidet er heile grunnlaget for trygt og godt skulemiljø med planar innan førebyggjande arbeid, rolleavklaring, kartlegging av skulemiljøet, observasjonar, rutinar, skjema og kompetanseheving for tilsette. Meir innsats på systemnivå bør føra til færre individsaker, men kan ikkje løysa allereie oppståtte individsaker. Det kan vera brutalt for elevar som står oppi dette, føresette, tilsette, leiarar som har eit stort ansvar for eit trygt og godt skulemiljø og politikarar som har ei ombodsrolle. Tilstandsrapporten inneheld informasjon om korleis mobbing skjer i dag, og kor komplekse mobbesaker kan vera. Etter 2017, då lova om trygt og godt skulemiljø kom, har det vore ca. ei handfull komplekse elevsaker som har gått over tid. Rådmannen peikar vidare på tiltak som skal setjast i verk skuleåret 2025/ 2026. Sist i rapporten finn ein innblikk frå kvar skule i Kvam.

2. Elevar og lærarar

2.1. Tal elevar

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Skulane har eigna tilsette med god klasseleiing, struktur, elevsyn og relasjonskompetanse. Alle lærarar har godkjenning i dei fag dei underviser i, i samsvar med kompetansekrava i rundskriv Udir-3-15.

Dei som i dag gjer seg nytte av overgangsordningane som gjeld til 2025, har godkjend utdanning i faga dei underviser når overgangsordninga er over.

Kvam herad tal elevar -eigne tall

Skuleår	Tal elevar
2024-25	973
2023-24	1 004
2022-23	1 019

	2022/23	2023/24	2024/25
Kvam herad	1019	1004	973
Kvam ungdomsskule	239	260	251
Norheimsund skule	306	285	277
Strandebarm skule	138	142	128
Tørvikbygd skule	31	24	25
Øystese skule	263	253	253
Ålvik skule	42	40	39

Skuleeigar si vurdering

Skuleåret 2024/ 2025 har elevtalet vore under 1000 elevar, og det samsvarar og med elevtalsprognoser som indikerer at elevtalet går ned i heile landet. Likevel er det ikkje store endringar i elevtalet i Kvam om me ser på prognosane for åra framover.


2.2. Lærartettleik

[Les mer om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål


Maksimalt 15 elevar per lærar i ordinær undervisning på 1.-4. trinn og maksimalt 20 elevar på 5.-10. trinn slik som nasjonale retningslinjer tilseier.

Kvam herad - Læratettleik i ordinær undervisning 1.-4. trinn. Geografisk samanlikning




Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 1.-4. trinn

Kvam herad - Lærartettleik i ordinær undervisning 5.-7. trinn. Geografisk samanlikning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 5.-7. trinn

Kvam herad - Læratettleik i ordinær undervisning 8.-10. trinn. Geografisk samanlikning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Alle kjønn, 8.-10. trinn

Kvam herad – Lærartettleik i ordinær undervisning 1.-4. trinn. Samanlikning skular i Kvam

Skoleår	Skole	Lærertetthet
2024-25	Kvam Herad (EIER)	13,3
2024-25	Norheimsund skule	13,4
2024-25	Strandebarm skule	11,2
2024-25	Tørvikbygd skule	8,6
2024-25	Øystese skule	14,8
2024-25	Ålvik skule	12,9

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn

Kvam herad - Lærartettleik i ordinær undervisning 5.-7. trinn. Samanlikning skular i Kvam

Skoleår	Skole	Lærertetthet
2024-25	Kvam Herad (EIER)	13,2
2024-25	Norheimsund skule	12,4
2024-25	Strandebarm skule	15,1
2024-25	Tørvikbygd skule	8,0
2024-25	Øystese skule	16,1
2024-25	Ålvik skule	8,6

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn

Kvam herad – Lærartettleik i ordinær undervisning 8.-10. trinn. Samanlikning skular i Kvam

Skoleår	Skole	Lærertetthet
2024-25	Kvam Herad (EIER)	17,1
2024-25	Kvam ungdomsskule	17,8
2024-25	Strandebarm skule	14,3

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Lærertetthet, Kommunal, Begge kjønn

Skuleeigar si vurdering


1.-4. trinn har ein lærartettleik på om lag det same som kostragruppe 5, Vestland og nasjonalt om me ser alle skulane i Kvam under eitt. Men om ein ser på kvar skule, ser ein at det er til dels store skilnader, frå 8,0 til 14,8, kor Tørvikbygd har hatt høgast lærartettleik. Dette er fordi me har skular som no har eit så lågt elevtal at det vert lite kostnadseffektivt. Det er ein kultur og forventningar om lite samanslåing av trinn, då det kan vera krevjande både sosialt og fagleg for elevar, men og for dei som skal gjennomføra undervisningsopplegg. For 5.- 7. trinn ser me dei same trendane. Men her ser me og at det er store skilnader mellom dei to store skulane, som gjer at skuleeigar må sjå på ressursmodellen for tildeling av ressursar, eller om det er rektorar sine prioriteringar innanfor budsjett som gir så ulike utslag. Kvam ungdomsskule har ein lærartettleik som er om lag som landet, kostragruppe og Vestland, på 17,1 medan Strandebarm har høgare tettleik av vaksne på 14,3. På alle skular er me langt innanfor norma.

Skuleeigar har ansvar for å gi eit likt tilbod. Dette vert utfordrande når elevtalet går ned, og det er forventningar både frå elevar, føresette og tilsette om klassedelingar som ikkje svarar til elevtalet. Når heradet har økonomiske utfordringar, vil det vera naudsynt at politisk leiing og administrasjon har sams forståing av situasjonen og kva tilbod innbyggjarane kan få. Prioriter politiskarane desentralisert skulestruktur, bør dei avklara om dette betyr fleire samanslåingar av trinn for å halda kostnadsnivået nede, eller bruka meir ressursar for å oppretthalda fleire klassetrinn slik at det vert stor skilnad på ressursbruk og lærartettleik i store og små skular.


2.3. Undervisningspersonale

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Kvam herad - Årsverk for undervisningspersonale som går til undervisning



Kvam herad - Del årstimar gitt av personale med godkjent utdanning



Skuleeigar si vurdering

Statistikk årsverk for undervisningspersonale som går til undervisning, er det diverre skjedd ein feilrapportering som skuleeigar ikkje har oppdaga. Ei mogleg forklaring kan vera at det er grunna ekstra ressursar gitt til skular med utfordringar innan skulemiljø.

Sjølv om elevtalet gjeikk ned for skuleåret 2024/ 2025, er situasjonen den same som meldt tidlegare. Det er vanskeleg å få nok kvalifiserte søkjarar til Kvam, og det er særleg vikarsituasjonen som har vore kritisk. Frå august vart ny opplæringslov innført, kor det i lovteksten tydeleg er krav om at skolane har tilgang på vikarar : *Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at skolane har tilgang på vikarar ved vanleg og venta fråvær*, opplæringslova §17-7b. Dette er eit lovkrav som har vore vanskeleg å oppfylle, særleg ved Tørvikbygd skule, men og ved dei større skulane.

Manglande vikarar går særleg utover dei mest sårbare elevane, og dei tilsette som er i arbeid. Kvam herad er glade for at me har mange flotte, dedikerte lærarar med god kompetanse innan fag og relasjonar, og er gode klasseleiarar som gjennomfører gode og varierte undervisningsopplegg til beste for elevane, sjølv ved mangel på kollegaer over tid og som resultat av dette, auka arbeidsmengd.

Kvam herad har hatt åtte lærarar som har fått vidareutdanning frå Udir gjennom stipendordning for skuleåret 2024/ 2025. Skuleleiarane vart einige om at me ikkje kunne tilby vikarordning dette skuleåret, grunna mangel på søkjarar til vikarstillingar i skulen. Dette er siste året Kvam er med i Oppfølgingsordninga, kor søkjarane våre har vorte prioritert.

I dei siste tilstandsrapportane har skuleeigar skrive at omlegging av lærarstudiet til krav om master, og såleis lenger utdanning, kunne vera ein del av forklaringa på kvifor Kvam og landet elles ikkje har nok søkjarar til ledige stillingar. Diverre ser det ut for at trenden held fram, og det at det ikkje har vore nok søkjarar til lærarutdanninga kan vera ei tungtvegande forklaring. Kvam har ein skulestruktur som er ressurskrevjande. Dette kan om trenden held fram, føra til at me har færre med godkjend utdanning, og såleis dårlegare kvalitet på undervisning, som på sikt kan føra til dårlegare resultat både fagleg og sosialt.

3. Læringsmiljø

3.1. Elevundersøkinga

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Elevane frå Kvam skårer på landsgjennomsnittet eller høgare. Særleg på området elevdemokrati og elevmedverknad skal me verta betre.

Kvam herad - Elevundersøkinga 7. trinn. Geografisk samanlikning

Årgang	Indikator	Kvam Herad (EIER)	Vestland	Nasjonalt
2024-25	Støtte fra lærer	4,0	4,2	4,2
2024-25	Vurdering for læring	3,4	3,6	3,6
2024-25	Læringskultur	3,7	3,8	3,8
2024-25	Mestring	3,6	3,9	3,9
2024-25	Elevdemokrati og medvirkning	3,5	3,5	3,6

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn

Kvam herad - Elevundersøkinga 10. trinn. Geografisk samanlikning

Årgang	Indikator	Kvam Herad (EIER)	Vestland	Nasjonalt
2024-25	Støtte fra lærer	3,9	3,9	3,9
2024-25	Vurdering for læring	3,2	3,2	3,2
2024-25	Læringskultur	*	3,7	3,7
2024-25	Mestring	*	3,7	3,8
2024-25	Elevdemokrati og medvirkning	3,3	3,2	3,2

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Elevundersøkelsen, Offentlig skole, Begge kjønn

Skuleeigar si vurdering

Indikatorane vist ovanfor er eit snitt av svar på av ei rekkje spørsmål. Resultatet for Kvam 7. trinn er lågare på alle områda enn for fjoråret, men det er lite som skil resultata samanlikna med Vestland og nasjonalt. Sjølv om skulane jobbar meir systematisk og meir kollektivt, ser skuleeigar at resultat endrar seg frå år til år, og at det er skilnad mellom skular, men og mellom klassar. Målet er at arbeidet som vert lagt ned i skulane skal gi varig endring. Der er me ikkje enno. Skulane analyserer resultat og jobbar kollektivt med konkrete tiltak.

For 10. trinn er svara ikkje offentlege, men skulane har tilgang til resultata. Samla sett for Kvam herad, er resultata om lag som Vestland, men det er noko skilnad i resultata for dei to offentlege skulane kor Kvam ungdomsskule på nokre område skårar betre enn Strandebarm skule på indiktorane for skulemiljø.

Indikatoren for trivsel viser at elevane i Kvam svarer likt som resten av landet og Vestland både i 7. trinn og 10. trinn.

3.2. Mobbing på skulen


[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Elevar og føresette skal oppleve at skulane har nulltoleranse for mobbing.
Elevane skårar på eller betre enn landsgjennomsnittet i elevundersøkinga.


NB! For å kunna visa tal for mobbing, er det berre ved å velja alle eigarformer (= ta med den private skulen) at me får tal over publiseringsgrense. Det betyr at medan me i dei andre statistikkar berre ser på offentlege tal, vel me alle eigarformer for mobbing i tekst nedanfor tabellen som ikkje viser resultat for den offentlege skulen.

Kvam herad - Mobbing på skulen 7. trinn. Geografisk samanlikning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Alle kjønn, 7. trinn

Kvam herad - Mobbing på skulen 10. trinn. Geografisk samanlikning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Mobbing på skolen, Offentlig skole, Alle kjønn, 10. trinn

Skuleeigar si vurdering

Skuleeigar får ikkje tal som kan publiserast for den offentlege skulen. Skuleeigar har likevel oversikt over resultatata til fleire av skulane, og kan dela hovudfunna. På 7. trinn viser offentlege resultatet eit snitt i heradet på 20,0 % mobbing, og 15,8 % mobbing på Norheimsund skule. Ved dei minste skulane (Tørvikbygd skule, Ålvik skule og Strandebarm skule) får ikkje skulane sjølve tilgang til resultatata sjølv om dei ser på rapportar som er under publiseringsgrensa. Øystese skule har tilgang til sine resultat, men dei er ikkje offentlege.

Resultatet samla for 10. trinn er meir likt resultatet for Vestland, kor resultatet for Kvam samla sett er 12,5. Det er også her skilnad mellom dei to ungdomsskulane våre, kor Kvam ungdomsskule har betre resultat enn Strandebarm på 10. trinn.

Skulane i Kvam har dei siste åra hatt stort fokus på eit trygt og godt skulemiljø, og i samband med oppfølgingsordninga tett kontakt med kompetansemiljø innanfor trygt og godt skulemiljø. Me har desse åra motteke råd frå mobbeombodet og kompetansemiljø. Dei har vore samde i at Kvam herad samstundes som dei følgjer opp individsaker, må byggja opp eit system for førebygging, kartlegging, analyse, rolleavklaring i kap. 12 saker, og sams forståing av kva kvar einskild tilsett i skulen har ansvar for og haldningar tilsette har til trygt og godt skulemiljø. Dette har vore fokus for alle skulane i Kvam dei siste åra.

Alle tilsette har fått opplæring på planleggingsdagar og i møtetid, både i korleis forstå utrygge skulemiljø, møta utfordrande åtferd, men og korleis forstå lovverket og nytta Kvam herad sine rutinar for førebyggjande arbeid og handtering av eit utrygt skulemiljø. Likevel ser skuleeigar at resultatata på elevundersøkingane varierer frå år til år, ein skule får godt resultat eitt år, men

dårlegare det neste- og motsett. Målet er stabile og gode resultat over tid. Resultata for 2024/2025 viser at me ikkje har nådd målet på alle skulane i alle klassar.

For dei elevane som ikkje opplever ein trygg skulekvardag, er tid til utviklingsarbeid som på sikt skal gi gode resultat ikkje tilfredsstillande. Men det at elevar seier i frå i elevundersøkingar og andre kartleggingar skulane har i løpet av skuleåret, gjer at det vert gripe fatt i situasjonar på eit tidlegare tidspunkt enn tidlegare år. Sjølv om resultata er dystre samla for Kvam, er resultat av elevundersøkinga eit bilete på situasjonen den dagen undersøkinga vert teken. Prosentandelen som vert utsett for mobbing må og sjåast i samanheng med tal elevar som tek undersøkinga i Kvam. Skular med lågt elevtal, gjer at kvar elev utgjer ein større prosentandel enn om det er mange elevar på trinnet. Me har og døme på utrygge elevgrupper kor mobbetalet er høgt fordi mange i våre kartleggingar utrykkjer at dei er utrygge på kvarandre på trinnet. Det er med andre ord ikkje ein som mobbar, og ein som vert mobba. Dei fleste sakene som vert varsla om og etter undersøkingar oppretta aktivitetsplan på, vert løyst. At det blir oppretta aktivitetsplanar, er eit signal om at systemet vert brukt og at tilsette kan lovverket. At sakene vert løyst viser og at det å fanga opp tidleg, og dette er eit viktig premiss for at saker ikkje skal verta komplekse og vanskeleg å løysa. Dette kan samanliknast med avvik. Ingen ynskjer at avvik skjer, men at det vert meldt avvik vitnar om ein open kultur for å gje beskjed. Til samanlikning er det bra at det vert laga aktivitetsplanar, det viser at det blir fanga opp når elevar ikkje har det trygt og godt, og teke tak i og saker vert løyst.

Rådmannen la fram samla innsats for eit trygt og godt skulemiljø i heradsstyremøte 20. mars, for å synleggjera samla innsats i heradet.

Kvar dag jobbar tilsette i skulen og på fritid om å skapa eit godt læringsmiljø for elevane. Kvar einskilde skule har omsett rutinar og lovverk til praksis for å hjelpa elevar som ein har avdekka opplever eit utrygt skulemiljø. Etter 2017, då nytt lovverk tredde i kraft, er det om lag ei handfull elevsaker som har vore til fleire handsamingar hjå statsforvaltar, og færre som har gått føre seg over år. Når skuleeigar er omtrentleg i uttalen, er det ikkje fordi skuleeigar ikkje veit nøyaktig tal, men fordi me ikkje kan opplysa talet eller omtala grunnar ut frå personvern, teieplikt og vurderinga av barnet sitt beste. Skulane følgjer opp individa bak tal og statistikk, då det er barn og unge bak tal og statistikk som tel og må ivaretakast. Me kan likevel ikkje gå nærare inn på desse, då det kan vera mogleg å knyta problemskilddringar opp til einskilde elevar. Skuleåret 2024/2025 hadde dei fleste skulane 0 saker til klagehandsaming hjå Statsforvaltar i kap. 12. saker. Om det er få saker som har vorte komplekse etter lova tredde i kraft i 2017, er komplekse saker ressurskrevjande og mange løysingar må setjast inn av tiltak, som til dømes ekstra tilsette og innleige av kompetansemiljø.

Skulane er også i tett dialog med kompetansemiljøa i enkelte skulemiljø saker, og råd frå til dømes mobbeombod, RVTS, BUP og Statsforvaltar vert følgt opp av skulane. Det er likevel skulane som er ansvarlege for tiltaka og må vurdere råd opp mot lovverk og barnets beste. Det er ikkje alltid skulane lukkast i at elevar kjenner seg trygg i skulemiljøet. Når mangel på trygt og godt skulemiljø ikkje vert løyst raskt, kan resultatet verta at elev og føresette sin tillit til skulen vert svekka, som igjen kan gjera det vanskeleg å finna gode løysingar.


Noko av det som kan vera krevjande i skulemiljø saker, er at det i eit utrygt klasse- eller skulemiljø ofte er normale sosiale prosessar på avvegar med eit svakt fellesskap, klikkdanning og hierarki som

skapar grobotn for mobbing, sjølv i grupper utan spesifikke "mobbarar." Når fleire ynskjer «mobbaren» ut av klassen med utvising eller klassebyte, finst ofte ikkje han/ ho. Eit godt døme korleis denne dynamikken kan vera, kan du sjå i video som dansk «Red Barnet» har laga, og finnest på denne lenkja [her](#).

Då resultata av elevundersøkinga kom i januar 2025, skeiv *Anne Elin Kleiva, Skulerådgjevarer i Redd Barna eit debattinnlegg i utdanningsnytt med tittelen: «Stopp mobbinga – ein felles innsats trengst»*

Dette debattinnlegget tykkjer rådmannen gir eit godt bilete på situasjonen. Oppsummert skriv ho at elevundersøkinga viser at mobbetala framleis er høge i Norge, og det er eit klart teikn på at skulen ikkje kan stå åleine i kampen mot mobbing. Alle elevar har rett til eit trygt og inkluderande skulemiljø, men for å oppnå dette må både elevar, føresette og lokalsamfunnet engasjerast. Skular med høge mobbetal må samarbeida tett med elevråd og føresett for å finna treffsikre tiltak som styrker fellesskap og tilhørslse. Vidare skriv ho at føresette har ei viktig rolle i å følgja opp barna sin bruk av sosiale medium og visa like stor omsorg for korleis barna oppfører seg på nett som i kvardagen. Nulltoleranse mot mobbing må visast både i ord og handling, og vaksne må ta elevane på alvor når dei seier ifrå. For å skapa eit trygt skulemiljø treng me fleire lærarar med god kompetanse, eit styrka støtteapparat og eit tett samarbeid mellom heim og skule. Debattinnlegget finn du med å trykkja på lenkja [her](#).

Skulen har ansvaret og opplæringslova kap. 12 stadfestar dette. Likevel ser rådmannen at det trengst ein felles innsats. Skulekvardagen er ein viktig del av eit barn og unge sitt liv, men livet utanom påverkar og livet i skulen. Kakediagrammet er meint som ei forenkla framstilling av dette, og vil sjølvstøtt variera frå elev til elev og ulike aldrar. Likevel er det eit forsøk på å visa eit bilete på at eit barn eller ein ungdom sitt liv, er meir enn ein skuledag, og at inkludering må skje utover timane frå 8.30- 14.00. Har me ei klar haldning til inkludering på alle arenaer i Kvam; alle lag og organisasjonar, arbeidsstader, på SoMe, i samtalar kring middagsbordet, i selskap og på butikken? Skulen treng eit lokalsamfunn med felles haldningar.



Innsats Kvam herad for skuleåret 2025/ 2026:

Rådmannen vurderer at me har løfta kompetansen og fått gode system, verktøy, rutinar og betre forståing for lovverk i samband med trygt og godt skulemiljø etter tre år i oppfølgingsordninga. Dette gjeld for alle roller i skulen. Me er likevel i utvikling, og på ein del område framleis i implementeringsfasen. Me ser at me har område me kan utvikla oss på og vil visa vidare innsats.

Tiltak:

- Skuleleiarane på kvar skule har eit stort ansvar når det gjeld trygt og godt skulemiljø:
 - Rektorane på dei fire største skulane får vidareutdanning i *Barnehage- og skulemiljø og ledelse på NHH*, som er eit tilbod i regi av Udir.
 - Skuleleiarar tek imot eit kompetansehevande tilbod med kursdag og oppfølging i form av ein digital workshop; *Trygge ledere – elevenes skulemiljø*. Det er Mobbeomboda i Vestland, RVTs Vest og RKBV Vest som saman har ansvar for utarbeiding og gjennomføring av tilbodet.
(Leiar for skule har fått avslag om å delta på tilboda ovanfor då innsats vert retta mot leiarane på skule, og ikkje på eigarnivå.)
- Oppfølging av elevar som bidreg til eit utrygt skulemiljø: Fokus på språkbruk i fleire skular, «God start» og at tiltakstrapp og lovverk skal verta kjend mellom alle elevar, føresette og tilsette slik at denne vert brukt ved uynskt åtferd av enkeltelevar
- Foreldresamarbeid: Rådmannen og skuleleiarane ser behov for å systematisera skulane sitt samarbeid med føresette frå 1.-10. trinn, i form og innhald og i ulike fora. Dette er særst viktig med tanke på arbeidet for trygt og godt skulemiljø, og i tråd med mobbeombodet i Vestland sine tilrådingar for å lukkast med arbeidet. I årsrapporten til mobbeombodet skriv dei mellom anna i råd for å lukkast med både førebygging og handtering- tilrådingar frå mobbeombodet: *1. Skap god dialog med heimane. Foreldre må bli sett på som ein likeverdig partner og ein verdifull bidragsytar. Foreldresamarbeid må vere ein integrert del av barnehagen/ skulen sin aktivitet.* Foreldresamarbeid er og tema i Norheimsund skule sitt prosjekt gjennom Dekom (desentralisert kompetanseutvikling). Skuleeigar planlegg invitasjon til FAU på dei ulike skulane. Dette vert eit felles møte med tema trygt og godt skulemiljø for å sjå korleis FAU kan bidra i arbeidet saman med skulane ved oppstart skuleåret 2025/2026
- [Kompetanseløftet](#) vert igangsett skuleåret 2025/ 2026 med følgjande problemformulering: Korleis kan PPT, barnehage og skule jobba saman for at born/elevar skal vera og læra i eit trygt og inkluderande fellesskap? MÅL: Alle born/elevar skal oppleve tilhøyre og meistring på avdelinga/i klasserommet i eit trygt og godt miljø. Dette er eit samarbeid mellom HVL (Høgskulen i Vestland) PPT, barnehage og skule, kor Norheimsund barnehage og Øystese skule vert pilot for arbeidet. Rådmannen vil i tillegg kontakta ulike kompetansemiljø for råd og støtte i arbeidet, særleg med tanke på bruk av meir tid og merksemd på leiing av klassen, klassen som gruppe og korleis skapa eit gyldig «me».
- Samarbeid med kultur/ fritid for felles innsats for 24- timars eleven og avklaring av roller i arbeidet

4. Nasjonale prøvar

⚡ *Fra 2022 starta måling av utvikling over tid på nytt. Resultata frå 2022-23 kan difor ikkje samanliknast direkte med tidlegare år.*

4.1. Nasjonale prøvar mellomtrinn

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Større fokus på å utfordra elevar fagleg både i lesing, rekning og engelsk, slik at me har fleire elevar som skårar på meistringsnivå 3 på barneskulen og 4 og 5 på ungdomsskulen.

Alle resultat er under publiseringsgrense for Kvam herad. Rådmannen deler difor hovudfunn som skuleeigar har tilgang til for alle resultat av nasjonale prøvar i 5. og 10. trinn.

Rekning 5. trinn:

Resultat frå skulane viser at det er skilnad mellom skulane, og at fleire har resultat som nasjonalt og Vestland eller betre på nivå 1. Det er framleis behov for å arbeida mot å løfta fleire elevane til meistringsnivå 3 på dei fleste skulane.

Lesing 5. trinn:

Resultat viser at Kvam herad samla sett for offentleg skule, ligg som Vestland og nasjonalt på meistringsnivå 1. Andel elevar som skårar på meistringsnivå 2 er større enn andel elevar på nivå 3 samanlikna med Vestland og nasjonalt. Også her er det ulike resultat på dei ulike skulane, med stor variasjon. Elevtal som tek prøvane har sjølvsagt også noko å seia for prosentandel og resultat. Døme: om ein ha tre elevar som tek nasjonale prøvar og alle meistrar på nivå 2, vil resultatet vera 100% på nivå 2.

Engelsk 5. trinn:

Samla sett er resultatet for kommunen om lag som resultat for Vestland og nasjonalt. Også i engelsk er det stor variasjon mellom skulane. Når me samanliknar resultata over år, ser me at det er variasjonar i resultat i kvar einskilde skule.

4.2. Nasjonale prøvar ungdomstrinn

⚡ *Fra 2022 starta måling av utvikling over tid på nytt. Resultata fra 2022-23 kan difor ikkje samanliknast direkte med tidlegare år.*

Rekning 8. trinn:

Resultat samla for Kvam viser at det er for mange som er på meistringsnivå 1 og færre på det høgaste nivået. Men igjen ser me store skilnader på skulane, og at resultatet varierer frå år til år.

Rekning 9. trinn:

Resultateta for 9. trinn er meir på linje med resultatet for Vestland og nasjonalt, men det er også her skilnad i resultata mellom skulane.

Lesing 8. trinn:

Om me ser på samla resultat for lesing, har Kvam herad for mange elevar på meistringsnivå 1, men igjen er det ulikt resultat mellom skulane. Ingen av skulane har mange elevar på nivå 5, som er det høgste meistringsnivået.

Lesing 9. trinn:

Me har for mange elevar på dei lågaste meistringsnivåa samla sett, og då tilsvande færre elevar på nivå 4 og 5.

Engelsk 8. trinn:

Samla sett har skulane færre elevar på nivå 1 enn nasjonalt og Vestland, og fleire elevar på nivå 5. Dette gjeld for begge skulane, men det er framleis skilnad i resultat. Det er likevel resultat me er nøgde med, og målsetjinga er nådd.

Skuleeigar si vurdering

Skuleleiingane på dei ulike skulane set seg målsetjingar ut frå resultat på nasjonale prøvar og elevundersøkingar, og legg plan for tiltak på utvalde område. Desse vert delt med skuleeigar i kvalitetsdialogane som skuleeigar har med kvar einskild skule tre gonger i året. Kvalitetsdialogane vart gjennomført for fyrste gong skuleåret 2024/2025, og vil verta ein del av det systematiske arbeidet som vert gjennomført årleg. Fokus i dei ulike dialogane:

1. **Skuleeigar og skuleleiing;** Leiing og styring gjennom å avklara mål, ambisjonar og forventingar til skulen på sentrale indikatorar for elevane sin trivsel og læring, knytt til strukturkvalitet, prosesskvalitet og resultatkvalitet
2. **Skuleeigar og skuleleiing;** drift av skulen og økonomi. Leiarstøtte og sparring i open dialog til gjennomføring av strategiar og tiltak, sjå på strukturar og rammer for kvalitetsutvikling
3. **Skuleleiing, tillitsvalt, lærarar og elevar;** eigenvurdering vert knytt til resultat og analyse av elevane sitt læringsmiljø, samt skulen sitt arbeid med kvalitetsutvikling. (Frå skuleåret 2025/ 2026 vil også representant frå føresette vert invitert til å delta)

Meir informasjon om utviklingsarbeid i skulane kan lesast om under innblikk frå kvar skule.

4.3. Karakterar og grunnskulepoeng


Norsk

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](https://udir.no)

Lokale mål


Elevane skal nå eit resultat som er betre enn landsgjennomsnittet i norsk, engelsk og matematikk.

Kvam herad - Norsk hovudmål standpunkt. Geografisk samanlikning




Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Norsk hovedmål standpunkt, Offentlig skole, Alle kjønn

Kvam herad - Norsk hovudmål skriftleg eksamen. Geografisk samanlikning




Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Norsk hovedmål skriftlig eksamen, Offentlig skole, Alle kjønn

Kvam herad - Engelsk standpunkt. Geografisk samanlikning




Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Engelsk standpunkt, Offentlig skole, Alle kjønn

Kvam herad - Engelsk skriftleg eksamen. Geografisk samanlikning




Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Engelsk skriftlig eksamen, Offentlig skole, Alle kjønn

Kvam herad - Matematikk standpunkt. Geografisk samanlikning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Matematikk standpunkt, Offentlig skole, Alle kjønn

Kvam herad - Matematikk skriftleg eksamen. Geografisk samanlikning



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Matematikk skriftlig eksamen, Offentlig skole, Alle kjønn

Skuleeigar si vurdering

Standpunktkarakterane i norsk har over fleire år vore om lag som resultat nasjonalt, kostra- gruppe og Vestland. I engelsk er standpunkt karakterane for skuleåret 23/ 24 litt høgare enn både Vestland, nasjonalt og kostragruppe og gått opp frå tidlegare år. Matematikk standpunkt ser me ligg under samanlikna med kostra- gruppe, Vestland og nasjonalt. Eksamensresultata for 10. trinn viser at me samla sett ligg likt eller litt under resultata for kostra- gruppe, Vestland og nasjonalt snitt.

Skulane analyserer resultat, og vurderer tiltak ut frå resultat frå nasjonale prøvar, standpunktkarakterar og elevundersøkingar og andre kartleggingar som vert gjort gjennom året. Skuleeigar meiner oppfølgingsordninga har løfta analysekompetansen hjå skuleleiarane og vert brukt meir aktivt og systematisk no enn tidlegare år.

4.4. Grunnskulepoeng


[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](https://udir.no)

Lokale mål

Elevane skal **få høve til å** ta ut læringspotensialet sitt. Elevane i Kvam skal nå eit resultat som er betre enn landsgjennomsnittet.

Kvam herad – Grunnskulepoeng. Geografisk samanlikning

For skoleårene 2019-20, 2020-21 og 2021-22 er grunnskolepoengene kun basert på standpunktkarakterer, som følge av at alle eksamener for elever i grunnskolen ble avlyst.



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Grunnskolepoeng, Offentlig skole, Alle kjønn

Skuleeigar si vurdering

Det er få endringar i grunnskulepoeng hjå elevane i Kvam, og me ynskjer å halda fram med å setja oss mål å strekkja oss etter, då me ynskjer at alle elevane våre får ta ut sitt største læringspotensiale.


5. Skulebidrag

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](https://udir.no)

Lokale mål


Kvam herad skal ha skulebidrag som ligg over landsgjennomsnittet (resultat med positivt forteikn).

Kvam herad - Skulebidrag 1.-4. trinn




Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Skolebidrag, Offentlig skole, 1.-4. trinn

Kvam herad - Skolebidrag 5.-7. trinn



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Skolebidrag, Offentlig skole, 5.-7. trinn

Kvam herad - Skulebidrag 8.-10. trinn



Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Skulebidrag, Offentlig skole, 8.-10. trinn

Skuleeigar si vurdering

Skulebidrag har vore målt over fleire år, men skuleeigar i Kvam starta med å bruka dei i tilstandsrapporten for fyrste gong skuleåret 2022/ 2023. Me ynskjer å fylgja utviklinga i skulebidraget framover, og meiner det er ein viktig indikator for politikarane å kjenna til.

Kva er skulebidragsindikatoren?

Elevar har ulike føresetnader som påverkar resultata. Skulebidragsindikatoren prøver å få fram kva som er skulen sin innsats. For å måla skulen sitt bidrag, skil dei ut den delen av læringsresultata som skuldast dei føresetnadane elevane har med seg. Skulebidraga vert kontrollert for tidlegare elevprestasjonar og foreldrebakgrunn (utdanningsnivå, hushaldningsinntekt og elevane sin innvandringsbakgrunn).

Tala må sjåast i samanheng med anna kunnskapsgrunnlag og gjev ikkje aleine svar på kvifor bidraget er som det er. Det er alltid tilhøve som ikkje kan målast, difor er dette ein indikasjon.

Kva fortel tala oss?

Ein skulebidragsindikator kan tolkast som forskjellen mellom det elevane ved skulen faktisk oppnår (til dømes snittakarakter på skriftleg eksamen), og det me forventar et eleven skal oppnå når ein ser bort frå eleven sine føresetnader.

For å ta omsyn til elevgrunnlaget ser ein på elevane sine tidlegare resultat, til dømes på nasjonale prøvar 8. trinn for elevar som har avslutta ungdomsskulen, -og/eller familiebakgrunn.

Dersom ein skule har eit faktisk resultat som er i tråd med forventa resultat vil skulebidraget vera lik gjennomsnittet for alle skular i landet – som er null. Indikator med negativt forteikn indikerer at skulen har eit bidrag som ligg under landsgjennomsnittet. Positivt forteikn indikerer at skulen har eit bidrag som ligg over snittet. Eit negativt forteikn betyr ikkje at skulen bidreg negativ til eleven si læring, men at bidraget er under landsgjennomsnittet.

Tala fortel ikkje noko om elevane si læring i andre fag, og den seier heller ikkje noko om skulen sin evne til å ivareta andre deler av skulen sitt oppdrag.

Tala er mest av interesse å sjå på over tid, men rådmannen merkar seg at dei er negative dette skuleåret, og tek dette med som grunnlag for kvalitetsdialogane for skuleåret 2025/ 2026.

6. Fråvær og gjennomføring

6.1. Fråvær

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Elevane i Kvam kjem på skulen, og at elevane i Kvam har lågare fråvær enn landsgjennomsnittet.

	Strandebarm	Tørvikbygd	Norheimsund	Øystese	Kvam u.	Ålvik
Fråvær skuleåret 2024/25	1.-7.trinn: 5,2%	5,8%	4,8 %	5,8%	6,8%	6,3%
	8.-10.trinn 9,1%					

	Strandebarm	Tørvikbygd	Norheimsund	Øystese	Kvam u.	Ålvik
Fråvær skuleåret 2023/24.	Barneskule: 3,6%	3,5%	5,4%	5,9%	5,5%	6%
	Ungd.skule: 4,4%					

(Teljinga er utført etter 158-166 av 190 skuledagar)

Kvam herad - Fråvær 10. trinn. Geografisk samanlikning

Skoleår	Kvam Herad (EIER) - Median dager fravær	Kvam Herad (EIER) -	Vestland - Median	Vestland - Median timer fravær	Nasjonalt - Median	Nasjonalt - Median timer fravær
---------	--	---------------------------	----------------------	--------------------------------------	-----------------------	---------------------------------------

		Median timer fravær	dager fravær		dager fravær	
2023-24	6,0	2,0	-	-	8,0	7,0
2022-23	9,0	4,0	-	-	8,0	6,0
2021-22	0,0	0,0	-	-	2,0	3,0
2020-21	1,0	0,0	-	-	1,0	2,0
2019-20	5,0	2,0	-	-	4,0	3,0

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Fravær, 10.trinn, Alle kjønn

Skuleeigar si vurdering

Fråvær 10. trinn med geografisk samanlikning er tal frå skuleåret 2023/24. Det er difor lagt ved oversikt over fraværet lokalt for same skuleår. Dette er same oversikten som i tilstandsrapporten for 2024. I tillegg er det lagt inn tal for skuleåret 2024/25.

Tala viser at det er auke i fraværet ved nokre av skulane, medan andre har reduksjon. Det er ulike årsaker til skulefravær, og høgt fravær for enkeltelevar kan gje store utslag. Jo mindre elevtalet er, jo større prosent utgjer kvar einskild elev. Skuleeigar er i dialog med skulane om endringar i resultat.

Kvam herad har plan for Førebygging og oppfølging av urovekkjande skulefravær, og skulane gjer dagleg tilpassingar slik at elevane i størst mogleg grad kan koma på skulen. Samanlikna med nasjonale tal ligg Kvam herad under både på heildagsfravær og enkelttimar. Dette er me særskilt nøgde med. Det er likevel slik at me må halda trykket oppe for å redusera fraværet og ha som mål at elevane kjem på skulen.

6.2. Overgangar

[Les meir om statistikken på udir.no \(lenke\)](#)

Lokale mål

Alle grunnskuleelevar i Kvam startar direkte på vidaregåande skule.

Kvam herad - Overgang frå grunnskule til VGO

År	Andel overganger
2024	99,0
2023	95,3
2022	97,5
2021	99,1
2020	99,0

Kvam Herad (EIER), Grunnskole, Overganger, Alle kjønn

Skuleeigar si vurdering

Det er eit godt samarbeid mellom ungdomsskulane, heimane og vidaregåande skular i Kvam for å sikra gode overgangar. Det er gledeleg å sjå at etter noko nedgang i talet på elevar som startar direkte på vidaregåande skule, har talet igjen auka i 2024.

Elevar som startar på folkehøgskule etter 10. trinn vert ikkje rekna inn som at ein har starta på vidaregåande, og dette må takast med når ein les denne statistikken.

7. Ein skule for alle

7.1. Organisasjonsutvikling

Oppvektsplanen i Kvam er bygd opp kring beskyttande faktorar. I økonomiplanperioden vil skulane prioritera fylgjande faktorar:

Trygge vaksne

For at alle elevar skal ha eit trygt og godt skulemiljø treng me vaksne som ser, er trygge og imøtekomande og har kompetanse til å handla når situasjonen krev det. Som vist under tema om mobbing i kapittel 5 i rapporten, har det i oppfølgingsordninga vore ei kompetanseheving for tilsette i forståing av lovverk og ansvar dei ulike rollene i skulen har, og bygd ut verktøykasse for førebyggjande arbeid og tiltak.

Trygge vaksne er og trygge leiarar i skule. Rådmannen ser at leiarstøtte i oppfølgingsordninga har gitt resultat i form av det systematiske arbeidet i skulane på fleire felt, med resultat, arbeidsmåtar, felles forståing og utvikling av profesjonsfellesskap, der alle tilsette deltek aktivt i læring for å forbetra eigen og elevane sin praksis. Dette gir og trygge vaksne i klasseromma.

Høg kvalitet på opplæringa

Undersøkingar har vist at mange elevar keier seg på skulen og dei saknar varierte undervisningsmetodar. Gjennom Oppfølgingsordninga har Kvam herad samarbeidd med Skrivesenteret NTNU, og i dette arbeidet vert det satsa på inkluderande og variert undervisning. Tilsette har fått konkrete råd og rettleing og dei har fått oppgåver om kan nyttast direkte ut i klasserommet. Trivsel og læring heng svært tett saman og det er difor viktig at me har fokus på begge områda på same tid. At skulane dei tre siste åra har fått opplæring i og prøvd ut arbeidsformer, betyr ikkje at dei er innarbeidde, og må framleis brukast tid på. Skulane har fått midlar frå Udir til meir praktisk undervisning, slik at dette er tema som vil ha fokus vidare.

Mangfald

Det skal vera plass til alle i Kvammaskulen, me er ulike og det skal vera plass til alle.

Mangfald som ein ressurs vil mellom anna sei at me leitar etter og framhevar dei ulike eigenskapane til menneska i barnegruppa, i klassen eller i foreldregruppa. Det er viktig at skulen arbeider godt med integreringsarbeidet kor språket er ein føresetnad for god integrering. Vidare har me fokus på inkluderande undervisning som skal gjera skulane betre på å gi undervisning kor

fleire kjenner på meistring og ei erkjenning av at me lærer på ulike måtar og difor treng varierte undervisningsmetodar og oppgåver. Skulane har no større fokus på universelle tiltak som sikrar inkludering av fleire elevar.

Gode kommunale tenester for barn, unge gravide og familiar

For å sikra inkluderande, rettvís og god utdanning, og fremja moglegheiter for livslang læring for alle, samarbeider skulen tett med andre tenester og utgjer laget rundt eleven. Skulane arbeider med implementering av BTI-modellen.

7.1.1. Oppfølgingsordninga

Kvam herad har dei siste tre åra vore ein del av Oppfølgingsordninga. Skuleåret 2024/25 var siste året i gjennomføringsfasen.

Dei siste to åra har Kvam herad hatt tett samarbeid med ulike kompetansemiljø og planen for utviklingsområde før oppstart var tredelt:

Leiarstøtte - Pål S. Riis

- Utvikla velfungerande leiarteam med fokus på innhald i leiarmøta, prioritering og struktur, samt ansvars- og arbeidsfordeling
- Styrka leiarrolla
 - Leia utviklingsarbeid over tid
 - Personalleiing
 - Lovverk, politiske vedtak

Trygt og godt skulemiljø - Guttorm Helgøy

- Ferdigstilla organisering av det systematiske arbeidet med trygt og godt skulemiljø; kartleggingsplan for skulemiljøet frå 1.- 10. trinn, observasjonsverktøy, analyseverktøy og tiltak ved utrygt skulemiljø på individ, gruppe og systemnivå
- Få tydeleg ansvars- og arbeidsfordeling i dei ulike rollene i skulen, både når det gjeld førebyggjande arbeid, handtering og etterarbeid
- Implementera årshjul for trygt og godt skulemiljø
- Implementera BTI, bruk av BTI-rettleiar
- Arbeid med haldningar og praksis i tråd med lovverk

Ordinær undervisning - Skrivesenteret NTNU

- Opplæring i praktisk og variert undervisning, læringsaktivitetar og undervisningsformer med fokus på motivasjon og meistring for alle elevane
- Opplæring auka elevmedverknad
- Utarbeida handlingsplan med verktøy til støtte i arbeidet med lesing og skriving som grunnleggjande dugleikar

- Skuleåret 2024/25 har det vore gjennomført leiarsamlingar og skuleleiarane har fått oppfølging sine team på kvar skule. Planleggingsdagane i november og mars var begge knytt til ordninga. Sjå meir informasjon om innhaldet under punkt 7.1.4 Kurs tilsette
- Kartleggingsplan 1.- 10. trinn for fagleg utvikling

Våren 2025 vart det gjennomført sluttrapportering for oppfølgingsordninga der det mellom anna var stilt spørsmål om tiltaka påverkar elevane sitt læringsutbyte, noko som sjølvstøtt er målet for arbeidet som er gjennomført. Nokre tiltak krev tid for å verta implementert, men vurderinga er at skulane er på rett veg og har fått eit løft på områda som vart prioritert.

I arbeidet med inkluderande undervisning har det vore jobba med å få på plass universelle tiltak i klasserommet. På dei skulane som er kome i gang, har det vore positive tilbakemeldingar.

Alle skulane har hatt fokus på «God start». Dette inneber mellom anna lik oppstart av skuletimane der det er tydeleg kva som er mål og innhald for økta. «God start handlar» også om ein god start på skuleåret og alle skulane har hatt fokus på dette både skuleåret 2024/25 og det ligg i planen for oppstarten av 2025/26. Tiltaket gjer det tryggare og meir føreseieleg for elevane.

Elevar har gitt tilbakemelding i kvalitetsdialogane at dei ser ei positiv utvikling når det gjeld meir praktisk og variert undervisning. Her er me ikkje i mål, men det vert fokus vidare for komande skuleår. Skuleeigar søkte og om Udir- midlar til dette føremålet, og midlane er tildelt skulane for bruk i skuleåret 2025/ 2026.

Betre system og rutinar innan trygt og godt skulemiljø har ført til at det er ei meir felles forståing for kva som ligg i dette ansvaret. Elevane har gitt uttrykk for at dei vert teke på alvor når det er noko som ikkje vert opplevd som trygt. Tala syner at det framleis er elevar som ikkje har det trygt og godt på skulen. Dette betyr mellom anna me me halda oppe trykket i det arbeidet og at med jamleg må evaluera tiltaka og innsats.

Det er utarbeida ny kartleggingsplan for 1.- 10. trinn for fagleg utvikling for skulane i Kvam. Nokre av kartleggingane inneheld også verktøy for når elevar ikkje har forventet progresjon.

Oppfølgingsordninga vert avslutta våren 2025, men arbeidet er ikkje på nokon måte ferdig. Vidareutvikling og implementering vert viktig dei komande skuleåra. Det er difor viktig at skulane har tid til dette, og at lærarane vert trygge på verktøy, skjema og rutinar og får lov til å prøva ut nye undervisningsformer og opplegg i profesjonsfellesskapet.

7.1.2. Desentralisert kompetanseutvikling

Desentralisert kompetanseutvikling (Dekom) er ei ordning der statlege midlar skal byggja opp om skuleeigar sitt ansvar for kvalitetsutvikling. Ordninga har som mål og premiss at samarbeidet med lærarutdanninga skal styrkast. Skuleeigar sine prioriteringar skal byggja på tilstandsvurderingar og analysar. Det er dei regionale nettverka som har ansvar for fordeling av midlane. I Hardanger- og Voss kompetanseregion startar arbeidet med ekstern vurdering på den aktuelle skulen.

Tørvikbygd skule skulle etter planen ha starta hausten 2024, men dette vart ikkje gjennomført då det var ei usikker framtid for skulen med tanke på utgreiing av ei eventuell nedlegging. Norheimsund skule starta sitt arbeid våren 2025 og har gjennomført ekstern vurdering. Temaet for kompetanseutviklinga ved skulen er folkehelse og livsmeistring. For meir informasjon om vurdering og tema, sjå Norheimsund skule kap. 8.

7.1.3. Vidareutdanning

Utdanningsdirektoratet si ordning for vidareutdanning omfattar vikarordning (to dagar fri per veke med løn i eit studieår) og stipendordning (kr 136 000 utbetalt for 30 stp). Rektorutdanninga eller anna vidareutdanning for leiarar har ikkje vikar- eller stipendordning, men rett til fri ved studiesamlingar.

Tabellen viser tal lærarar som har fått innvilga vidareutdanning gjennom udir si ordning våren 2025 med oppstart skuleåret 2025/ 2026. Grunna rekrutteringsproblematikk vart ei samla skuleleiargruppe samde om at heradet heller ikkje i år kunne innvilga vikarordning. Tilsette som har takka ja til utdanning har difor avtale om stipend.

Fag	Tal lærarar
IKT og læring 1	1
Spesialpedagogikk 2	3
Engelsk 1	1
Spesialpedagogikk 1 for 8 - 13 trinn	1
Byrjaropplæring	1

Vidareutdanning leiarar

Studie	Tal leiarar
Rektorutdanning	4
Barnehage- og skulemiljø og leiing	4
Prosessleiing	1

7.1.4. Kurs tilsette

Som ein del av oppfølgingsordninga har to av planleggingsdagane skuleåret 24/25 direkte vore knytt til satsingane i oppfølgingsordninga.

- Lærarane fekk kompetanseheving innan ordinær opplæring. Skrivesenteret hadde ansvar for gjennomføringa og dei tilsette fekk mellomarbeid der dei skulle prøva ut ulike undervisningsopplegg.

- På planleggingsdagen i mars arrangerte skuleeigar workshop. Kompetansemiljøa tok del saman med PPT i Kvam. Dagen vart lagt opp med ulike sesjonar der noko var obligatorisk, medan dei tilsette kunne velja tema som var mest relevant for dei resten av dagen:
 - Vurdering av skriving, Skrivesenteret
 - Å arbeida med språk og vokabular, Skrivesenteret
 - Lese- og skriveopplæring på faga sine premisser, Skrivesenteret
 - Læraren som leiar – mot, meistringstru og leiardugleikar til å skapa eit inkluderande og trygt læringsmiljø, Pål Riis
 - Inkluderande undervisning med mange utfordringar og diagnosar i klasserommet? Kan me likevel klara å skapa ei inkluderande undervisning for alle? PPT
 - Når klasseleiinga vert utfordra av elevar eller grupper av elevar sin åtferd, Guttorm Helgøy
 - Kartleggingsresultat i Conexus Engage, Conexus
- Rektorane har gjennomført Visma Veilederen sin sakshandsamarskule
- Løvstad- skulen: Nokre skular har hatt oppfriskingskurs kor fokus er tilsette i møte med utagerande åtferd

7.2. Tilsyn

Norheimsund skule, vedtak personleg assistanse

Statsforvaltaren i Vestland har gjennomført tilsyn med Norheimsund skule – vedtak om personleg assistanse. Melding om tilsyn kom i desember 2024. Vedtak om personleg assistanse var nytt etter ny opplæringslov 1. august 2024. Statsforvaltar fann manglar og gav pålegg om retting. Det vart utarbeida nye malar som mellom anna skildra innhaldet og omfanget av personleg assistanse på ein betre måte. Det vart også presisert i malen at eleven sitt syn på saka og vurdering av eleven sitt beste måtte koma tydelegare fram. Malane vert gjennomgått med rektorgruppa i juni, slik at alle er kjent med endringane. Statsforvaltaren i Vestland avslutta tilsynet 5. juni 2025.

Tilsyn jf. Forskrift om helse og miljø i barnehager, skoler og skolefritidsordninger

Det er gjennomført tilsyn som gjeld miljøretta helsevern på Ålvik skule og Kvam ungdomsskule. Begge skulane har fått pålegg om retting, Ålvik skule i oktober og Kvam u. innan 1. desember 2025.

7.3. Saker til politisk handsaming

Lokal forskrift om skulefritidsordning

Jamfør SFO-vedtektene frå 2023 skulle desse evaluerast innan to år. I tillegg er det også krav i opplæringslova om lokal forskrift for SFO. Føresetnadane for SFO-tilbodet er endra sidan dagens vedtekter vart vedteke. I dag er det 12 timar gratis SFO for alle på 1.-3. trinn. Kvam herad er også i ein anna økonomisk situasjon i 2025 enn det som var tilfelle i 2023. Den nye forskrifta var på høyring og vart handsama i heradsstyret i juni 2025.

Lokal forskrift om skulerute for grunnskulane

Opplæringslova seier at heradet skal ha lokal forskrift om skulerute for grunnskulen. Forskrifta har

vore på høyring og vart vedteken av heradsstyre i mars 2025. Forskrifta set rammer for skuleåret. Årleg skulerute med plassering av ferie og fridagar for komande skuleår vert utarbeidd administrativt og skal vera klar innan 1. november året før.

Revidering av forskrift om byte av skule

Kvam heradsstyre vedtok i sak 015/25 at det skulle leggjast fram høyringssak om revidering av forskrift om byte av skule. Saka vart utgreidd og Kvam heradsstyre vedtok 19.06.25 at saka skulle sendast på høyring med frist 31.08.25.

Nedlegging av Tørvikbygd skule

Frå juni 2024 til mars 2025 vart det arbeida med prosess kring vidare drift av Tørvikbygd skule. I først omgang vart det politisk handsama om det skulle utarbeidast ei høyringssak. Etter høyringssaka vart det gjort politisk vedtak om nedlegging av Tørvikbygd skule frå hausten 2025 i heradsstyremøte mars 2025. Elevane som hadde Tørvikbygd skule som sin nærskule fekk velja om dei ville gå på Strandebarm skule eller Norheimsund skule.

Ålvik oppveksttun

Etter vedtak i heradsstyret har det våren 2025 vorte utgreidd Oppveksttun i Ålvik. I juni 2025 vart det vedteke at det skal utarbeidast høyringssak.

Informasjon om arbeidet med trygt og godt skulemiljø

Administrasjonen har orientert heradsstyret om trygt og godt skulemiljø i grunnskulen i Kvam. I møte i februar var Mobbeombodet invitert til Kvam i samband med handsaming av årsmeldinga frå ombodet. Mobbeombodet hadde innlegg i møte og heradsstyret fekk høve til å stilla spørsmål. I heradsstyremøtet i mars, la rådmannen fram innsats gjort på området frå barnehage, skule og tankar om framtidig organisering av førebyggjande arbeid. Administrasjonen har svara ut innsende spørsmål og interpellasjonar om temaet gjennom året.

7.4. Rutinar/ systemarbeid

Arbeidet med system og rutinar er kontinuerleg. Det kan vera krav om nye retningslinjer eller revidering av system som alt er på plass. I 2024 har det mellom anna vore jobba med fylgjande:

- Oppdatering av skjema og rutinar i samband med ny opplæring august 2024
- HMS-planar, ROS- analysar og handlingsplanar på kvar skule
- Beredskapsplanar med tiltakskort og caseøvingar
- Rutinar og oversikt som gjeld personvern og oversikt over digital programvare i skule
- Det er utarbeida ny sjekklister som tilsette skal bruka før dei sender tilvising til PPT. Lista skal vera med på å sikra at heradet fylgjer kap. 11 i opplæringslova og vert iverksett ved skulestart skuleåret 2025/ 2026
- I samband med Oppfølgingsordninga er det utarbeida ny kartleggingsplan for 1.-10.trinn.

7.4.1. Betre tverrfagleg innsats

I Kvam herad vert det arbeida etter BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats) for å ha systematikk for å oppdaga det tidleg viss det er grunn til å ha uro for eit barn eller ein ungdom og for god oppfølging. Ein digital handlingsretteleiar gjev føringar for kva ein gjer i ulike fasar av oppdaging og oppfølging.

BTI-modellen byggjer på desse prinsippa:

- Tidleg innsats (tidleg i livet og tidleg i eit problemforløp)
- Brukarmedverknad (godt og systematisk samarbeid med barnet/ungdomen og med heimen)
- Samordna tenester

Ved å handla etter BTI-modellen sikrar ein eit felles språk på tvers av tenestene, ein tydeleg systematikk i arbeidet, at ein handlar i samsvar med lover og andre overordna forventingar og i samsvar med det me veit er god praksis.

BTI-modellen er framleis under implementering. Skule og barnehage er dei store tenestene som møter barn og unge kvar dag, og det er særleg viktig å trygga tilsette her i å bruka systematikk og verktøy i BTI-retteleiar. Møtereferatsystemet stafettlogg er teke i bruk ved alle skulane. BTI-koordinator hadde full stilling ut 2024. Frå januar 2025 er det sett av mindre tid til koordineringsarbeidet. Tenestene har framleis høve til å få støtte frå tenesteutviklar. BTI-modellen fast tema i andre tenester, som til dømes PPT, slik at ein utviklar eit felles språk og ei felles forståing for tidleg oppdaging og oppfølging på tvers av tenestene. Det har vore gjennomført i rutine våre er det lagt opp til at det vert gjennomført opplæringsøkter og case-øvingar i skule og barnehage, kulturskulen og PPT. Case[1]øvingar i barnehage og skule har vore retta mot korleis ein handterer uro for vald eller overgrep og kva føringar som ligg i meldeplikta etter barnevernslova og avvergingsplikta etter straffelova. Det ligg eit særleg ansvar hos leiarane for å forstå og bruka BTI-retteleiar i si eining. Det er gjeve leiarstøtte kring forståing av BTI-modellen som del av Oppfølgingsordninga for skule. BTI-modellen er eit gjennomgåande tema på KFL-samlingar.

7.5. PPT

PPT er ei lovpålagt teneste i kommunen og har som oppgåve å samarbeida med og støtte skulane (og barnehagane) i det førebyggjande arbeidet for å gi eit inkluderande opplæringstilbod til elevar som kan ha behov for tilrettelegging av opplæringa.

Tenesta skal støtta og rettleia skulane i å greia ut behov for tilrettelegging av opplæringa og setja inn tiltak så tidleg som råd. PPT skal også hjelpe til med kompetanseheving og organisasjonsutvikling slik at opplæringstilbodet blir så inkluderande som mogleg. Der lova eller forskrift til lova krev det, skal PPT utarbeida sakkunnig vurdering.


Det siste året har PPT hatt og har eit sterkt fokus på inkluderande opplæring og universelle tiltak. Det som er bra for nokre elevar som strevar, er som regel bra for alle. Målet er at det spesialpedagogiske og allmennpedagogiske skal visa igjen som felles tiltak i klasserommet for alle. Slik kan også vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) reduserast. ITO skal alltid vurderast

opp mot tilfredsstillande utbytte av ordinær undervisning. Klarer me saman å styrka den ordinære opplæringa og forståinga for at alle kan læra i inkluderande klasserom, vil ITO verta redusert. Støttesystemet på skulane er framleis eit viktig utgangspunkt for dette arbeidet.

PPT har delteke med eigen Workshop på planleggingsdag for grunnskulen våren 2025, der tema var universelle tiltak i klasserommet. Mange lærarar og andre fagpersonar i skulen deltok på denne kompetansehevinga. I tillegg er dette tema på spesialpedagogiske team og støtteteam på dei fleste skular no, der PPT deltek aktivt. PPT har delteke aktivt i oppfølgingsordninga, der me særleg har hatt roller inn mot Skrivesenteret og kompetanseheving rundt lesing og skrivning i alle fag i ordinær opplæring. I dette arbeidet har støttekoordinatorane ved den enkelte skule, skuleleiarar og rådgjevarar ved PPT jobba saman med eit mål om å styrkja ordinær opplæring.

PPT har i samarbeid med Skrivesenteret leia arbeidsgruppa som har utarbeidd ny kartleggingsplan med kartleggingsverktøy både for universell og selektiv kartlegging og med tiltak for tilpassa opplæring og intensiv opplæring når elevar ikkje har forventta progresjon i lesing, skrivning og rekning. Kartleggingsplanen er no rulla ut på alle skulane og trer i kraft frå hausten 2025.

Heile siste skuleåret har PPT jobba aktivt for å implementera ny opplæringslov, særleg kap. 11 om tilpassa opplæring og ITO. PPT er tett på med faste utekontordagar på alle skular. Me tilbyr oss å vera tett på ved uro og bekymring for barn/læringsmiljø eller andre utfordringar og bidreg med rettleiing og kompetanseheving, også før skulen ber om sakkunnig vurdering. Me har sterkt fokus på å jobba etter denne modellen:



Fargane viser også støttesystemet, slik me har hatt det i Kvam gjennom mange år. Me skal bidra på både grønt, gult og raudt nivå.

PPT har eit stort ansvar i implementeringsarbeidet av BTI, og nyttar BTI-rettleiar aktivt i møte som støtteteam og spespedteam. Tenesta opplever at det er vilje ute i skulane til implementeringa av BTI og ser på det som eit viktig arbeid, der alle i "laget rundt barnet" har eit ansvar for å oppdaga tidleg born ein er bekymra for.

Både Meld. St. 6 og opplæringslova kap. 11, viser til at barn har det best i inkluderande fellesskap. Derfor arbeider PPT saman med barnehage og skule hardt og målretta for å få flest mogleg barn og elevar til å oppleve meistring i inkluderande ordinær opplæring. Det krev kompetente og autoritative vaksne med stor kunnskap om både risikofaktorar og kva som fremjar meistring. Det

krev også kompetanse om ulike utfordringar som finnes i alle klasserom. PPT har tru på at gjennom forsterka fokus på støttesystemet, gjennom felles møtestruktur, gjennom kompetanseheving av tilsette og gjennom eit PPT med eit sterkt nærvær og samarbeid ute i barnehage og skule, vil me i skule og PPT sjå at behovet for ITO vil verta mindre igjen. Målet er at ordinær opplæring i større grad klarar å fanga opp og ha rom for tilpassa opplæring i alle klasserom.

7.6. Spesialundervisning

Prosent elevar med individuelt tilrettelagd opplæring (ITO). Utvikling siste 6 år:

19/20	20/21	21/22	22/23	23/24	24/25
10,2	10,4	10,3	10,4	11,5	12,7

Nøkkeltal 2024	Kvam	Vestland	Kostragruppe 5	Landet
Årstimar til ITO pr. elev	151,3	158,6	167,9	150,4

Statistikken viser at andel elevar som får vedtak etter sakkunnig vurdering som tilseier at dei har behov for individuelt tilrettelagt opplæring i Kvam, aukar. Januar 2025 hadde PPT og skuleleiarane felles samling kor me gjorde analysar av tal, og reflekterte over vegen vidare ut frå dei ulike rollene me har i dette arbeidet. Me ser av statistikken at dei fleste av vedtaka (83 av 122 elevar) er på mellom 76- 190 timar ITO årleg. Det er med andre ord ikkje elevar med omfattande behov det er mest vedtak på, og spørsmålet me må stilla oss er om skulane med sterkare fokus på inkluderande opplæring og universelle tiltak kan inkludera fleire elevar i klasserommet. Skule og PPT kjem til å arbeida vidare med inkluderande undervisning og nye rutinar og sjekkliste før oppmelding til PPT. Vidare vert det større fokus på at skulane prøver ut tiltak slik opplæringslova krev når elevar ikkje har forventa progresjon i lesing, skriving og/ eller rekning i 1.-4. trinn, eller utbyte av ordinær undervisning. ([Opplæringslova kap. 11.](#))

7.7. Særskild språkopplæring

Nøkkeltal 2024	Kvam	Vestland	Kostragruppe 5	Landet
Årstimar til særskild språkopplæring pr. elev	58,9	33,0	60,2	30,7

Rett til særskild språkopplæring finn ein i opplæringslova § 3-6. «Elevar med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild språkopplæring til dei kan norsk godt nok til å følgja den vanlege opplæringa. Særskild språkopplæring skal omfatte forsterka opplæring i norsk, og om det trengst, morsmålsopplæring, tospråkleg opplæring i fag, eller begge delar». Forsterka opplæring i norsk (FON) er tilsvarande tidlegare særskild norskopplæring.

Ved spreidd busetjing av elevar med rett til språkopplæring og såleis få elevar på kvar skule, er det ikkje overraskande at Kvam og Kostragruppe 5 ligg høgt på årstimar pr. elev.

7.8. Skulefritidsordninga (SFO)

Årstal	2022	2023	2024
Tal barn	188	204	242
100% plass	72	56	51
Årsverk SFO, inkl. ITO	8,81	11,77	13,89

Alle skulane har hatt tilbod om SFO skuleåret 2024/25.

Kvam herad har felles plan for Skulefritidsordninga som er i samsvar med nasjonal rammeplan for SFO. Planen skal sikra eit likt tilbod og tilnærma lik praksis uavhengig av kva SFO barnet høyrer til. Intensjonen er eit inkluderande samfunn der alle som ynskjer det kan nytta SFO, uavhengig av økonomisk situasjon. På same tid skal det vera føreseieleg for heradet med tanke på bemanning og ressursbruk, slik at me nyttar ressursane til det beste for innbyggjarane. Nye vedtekter vart sett i verk 01.08.23, og desse skulle evaluerast innan to år.

Evalueringa vart gjennomført i samband med ny lokal forskrift om SFO, som er eit krav etter opplæringslova. Forskrifta gjeld frå 01.08.25, men nokre av endringane gjeld først frå 01.01.26 og 01.08.26. Ny forskrift seier mellom anna at det ikkje skal serverast mat på SFO og at leiar for SFO-er rektor. Det betyr at SFO frå 1.1. 2026 ikkje skal vera eigne SFO- leiarar i Kvam. I tillegg er det ikkje tilbod om SFO i haust og vinterferie. Tilbodet om Ferie-SFO to veker etter skuleslutt held fram. Alle endringane vil føra til prosessar som krev tid og fokus frå skuleleiarar og tilsette, særleg endring av leiarstruktur og at mat skal vera medbrakt frå skuleåret 2026/ 2027. Rådmannen vurderer at dette får konsekvensar for SFO- planen i Kvam som er utarbeidd av tilsette i SFO og i tråd med nasjonal rammeplan, kor det vart bestemt at mat skulle vera eit satsingsområde. Følgjande står i SFO- planen til Kvam om mat i dag:



Mat og måltid i SFO:

- SFO i Kvam har mat og måltid som eit satsingsområde, og bør vurderer tilgjengelege verktøy som støtte til arbeidet, som til dømes «Matjungelen» som inspirasjonskjelde i denne satsinga.
- SFO følgjer Helsedirektoratet sine retningslinjer for mat i skule og SFO <https://www.helsedirektoratet.no/retningslinjer/mat-og-maltider-i-skolen/del-1-mat-og-maltider-i-barneskole-og-skolefritidsordning>
- Dei vaksne sit saman med barna under måltidet.
- Måltidet vert rekna som ein opplæringsarena der barna mellom anna opplever gode rammer kring måltidet med gode samtalar og matglede.
- Måltid har ernæringsmessig god kvalitet. Det vert servert varm mat/alternativ til brødmatt minimum tre gonger i veka.
- SFO er organisert slik at barna får ta del i matlaging med jamne mellomrom.
- Barna får erfaring med å laga enkle og sunne måltid, gjerne førebu neste dag.
- Det er gode rutinar for hygiene og handtering av avfall.
- Orientera seg i nærmiljøet og lokale bedrifter om bruk av varer som ikkje kan nyttast av dei, særleg med tanke på berekraft. (Til dømes datomerka varer som ikkje kan seljast, nedfallsfrukt og liknande).

- Fokus på at det skal vera minimalt med matsvinn i SFO

8. Innblikk kvar skule

8.1. Strandebarm skule

Om skulen		Personalressursar	
Bygningsår	2008	Tal lærarar menn/kvinner	12 kvinner 3 menn
Sist renovert/ nybygg/tilbygg		Tal assistentar/anna personale i elevretta arbeid menn/kvinner	4 fagarbeidarar (K) 2 miljørettleiarar (K) 2 avdelingsleiarar (K)
Tal klassar	9 (3.-4. trinn gjekk i lag)	Tal elevar	124

(tal frå GSI 01.10.24)

Bemanning

Skuleåret 2024/25 har me hatt ein lærar som har tatt vidareutdanning i spesialpedagogikk 1-10.

Utviklingsarbeid

Dette var siste året der me var inne i Oppfølgingsordninga. Det har vore inspirerende og lærerikt, og ein stor styrke at det har vore ei tredelt satsing for vår skule. Leiarane har vorte styrka i arbeidet sitt t.d. med metodar opp mot møteleiing, struktur og organisering av både arbeidstida, møter og anna arbeid. Lærarane har fått utvida verktøykassa si når det gjeld ordinær undervisning og arbeidet opp mot Skrivesenteret. Me har hatt fokus på inkluderande undervisning – det å leggja opp til gode undervisningsøker som inkluderer alle elevane, og der alle opplever meistring. Utover våren og over i nytt skuleår går satsinga over til universelle tiltak (der me har nokre standardar som elevane møter i alle klassar uansett lærar). Dette er utarbeida saman med PPT og er tiltak som opprinnleg er anbefalt elevar med ulike utfordringar/diagnosar - men som me ser gagnar alle elevane våre. Som t.d. meir visualisering, dagsplanar, like rutinar for start og slutt. Og sist men ikkje minst arbeidet med trygt og godt skulemiljø. Me har fått utarbeida og øvd på gode rutinar for handtering av varsel i høve trygt og godt skulemiljø, me har kartleggingar i alle klassar kvar vår og haust, og miljørettleiarane har vorte ekstra følgt opp av Guttorm Helgøy frå Læringsmiljøsenteret i Stavanger som me har samarbeida med.

Psykososialt miljø

Me har fokus på å jobba førebyggjande. Tett kontakt med heimane, og også rutinar for miljøpostar på skulen ser me på som viktig. Me har kartlagt kor ting fort kan vera utrygt for elevane, og passar på at det er vaksne der, som i overgangar, og i garderobar. Elevundersøkinga viser at mobbetala er låge samla sett på skulen vår. Ein klasse hadde noko mobbetal, dette var også fanga opp av eigne varslar og undersøkingar, og jobba med både på individ og klassenivå. Og som sagt over så har dette temaet vore ekstra fokus på no under Oppfølgingsordninga, og me kan berre bli betre.

Det fysiske læringsmiljøet

Ungdomsskulen har nytta aktivitetsrommet sitt der dei har spel, biljard og bordtennis. Dette rommet vert hyppig brukt av elevane, særleg på vinterhalvåret. Arbeidet av gapahuken i uteskuleskogen er også påbegynt, og skal vere ferdig til neste skuleår. Den er kome i stand av midlar FAU har fått ifrå kommunen og Thon-stiftinga. Me har over tid no jobba med FAU om uteområdet på mellomtrinnet, her ein ynskjer ulike "leikeapparat" som aktiviserer elevane. Her har me per i dag eit gammalt dissestativ med fire disser og ein stor asfaltplass.

Digitalt utstyr

Dette skuleåret har skulen verkeleg fått ei oppgradering når det gjeld digitale tavler på huset. Me har fått bytt ut gamle skjermar med nye, og har også fått skjermar i rom med praktisk-estetiske fag. I tillegg ser me på det som ei god løysing at 5. og 8. tinn får nye pc 'ar kvart år. Dette skuleåret har også 1. klasse fått pc'ar med touch-skjerm, for å betre kunne førebu og gjennomføre kartleggingsprøvar for 1. trinn. Me har fokus på lite skjerm og mykje aktivitet. Men det er fint å ha utstyret tilgjengeleg når me treng det.

Skulen sitt samarbeid med SU/ FAU

Skulen jobbar tett saman med FAU, og det er jamlege møter, minst ein gong i månaden. I tillegg til ulike arbeidsgrupper som møtes ved behov utanom. FAU er engasjerte i saker som gjeld skulen og borna her. Dei støttar opp om skulen, og me er eit bra team saman. På SU-møtet samlast elevar, føresette, tilsette og politisk kontakt. Det er fint for alle å møtast, og sjå at me alle saman jobbar for det same – ein god skule med eit godt skulemiljø! Det har og vore tettare samarbeid mellom FAU og elevrådet dette året. Der dei saman har jobba for finare klasserom, der elevane har fått velja fargar og FAU har hatt dugnad (ungdomsskulen).

Utfordringsbilette

Utfordringsbilette og mål: «Vedvarande låg motivasjon for læring frå 7.-10-trinn samanlikna med nasjonalt nivå, og for mange presterer på lågt nivå på NP 2018-2023 (bortsett frå engelsk 5. trinn), og for få på høgt nivå samanlikna med nasjonalt snitt.» Målet vårt er at innan to år skal motivasjonen til elevane aukast frå 3,3 til 3,5, eller høgare, på elevundersøkinga. Og at delen av elevar som kjem på meistringsnivå 1 og 2 er lågare enn delen som kjem på nivå 4 og 5 på Nasjonale prøvar.

Korleis arbeida med dette:

Alt utviklingsarbeid me har med personalet vårt kan knytast til desse måla. For å auka resultata på nasjonale prøvar har me større fokus på å førebu elevane over litt tid, la dei løysa oppgåver som er liknande, nytta modellering. Me har også tru på at arbeidet med inkluderande undervisning og universelle tiltak skal ha god påverknad på læringsresultata. Når det gjeld motivasjon, så har me fokus på elevmedverknad. Både i den enkelte time, men også som elevråd. Elevrådet jobbar med elevmedverknad og trivsel/motivasjon. Dei arrangerte t.d. gruppedag med ulike aktivitetar. Miljøretteleiarane arrangerte halloween og vaffeldag som sosialt bidrag for å auka motivasjon for elevane. Både elevrådet og miljøretteleiarane jobbar med dette som utgangspunkt for å styrka relasjonane på tvers av klassane. Eit større tiltak for å auka motivasjonen på ungdomsskulen (der me ser den er lågast) var å melde 8.-9. klasse på First Lego league. Elevrådet skreiv også brev til FAU om uteområdet på mellomtrinnet, og dei har samarbeida med FAU om klasseromma på ungdomsskulen. Klasseromma på usk blei måla for å auka «me-kjensla»

og eigarskapet til klasseromma. Desse punkta handlar som sagt alle om å auka motivasjon og trivsel for elevane, som igjen kan føra til auka lærelyst og betre faglege resultat.

8.2.Tørvikbygd skule

Det er ikkje skrive innblikk frå Tørvikbygd skule for skuleåret 2024/2025 grunna prosess med nedlegging av skulen og stort fråvær av tilsette og leiing på skulen.

8.3.Norheimsund skule

Om skulen		Personalressursar	
Bygningsår		Tal lærarar menn/kvinner	30 kvinner 7 menn
Sist renoveret/ nybygg/tilbygg	2013/14	Tal assistentar/anna personale i elevretta arbeid menn/kvinner	16 fagarbeidarar 2 (m) 14 (k) 2 miljørettleiarar (k) 2 avd.leiarar (k) 1 rektor (k) 3 lærlingar
Tal klassar	14	Tal elevar	277

(tal frå GSI 01.10.24)

Bemanning

Skuleåret 2024/25 har me hatt to lærarar som har tatt vidareutdanning, begynnarpplæringa og spesialpedagogikk. To fagarbeidarar er i gang med vidareutdanning «Barn med særskilte behov».

Utviklingsarbeid

Oppfølgingsordninga var inne i sitt siste år skuleåret 2024-25. Det har vore samlande, inspirerande og lærerikt for heile personale. Leiargruppa har fått leiarstøtte av Pål Riis med fokus på ulike metodar for å driva fram utviklingsarbeid, og hjelp til å leia utviklingsprosessar med fokus på kvalitet og resultat. Godt analysearbeid på elevundersøking og nasjonale prøver har gitt skulen eit godt verktøy for å utvikla elevane sosialt og fagleg. Lærarane har hatt fokus på praktisk, varierande og inkluderande undervisning med støtte frå Skrivesenteret. Guttorm Helgøy frå Læringsmiljøsenderet har gitt tilsette verktøy i form av God start-modellen, kartleggingsverktøy og ein felles forståing av mobbeomgrepet og korleis skulen kan jobba på individ-, gruppe- og systemnivå for å sikra eit trygt og godt skulemiljø for elevane.

Dekom: Våren 2025 hadde Norheimsund skule ekstern vurdering. Tema var Folkehelse og livsmeistring. Det vart utarbeidd kvalitetsmål og teikn på god praksis. Elevar, føresette og tilsette

vart intervju ut frå ein mal, det vart gjennomført observasjonar og uformelle samtalar undervegs. Skulen sine utviklingsområde etter vurderinga:

- Lærarane legg til rette for temabasert undervisning
- Skulen og heimane (FAU) har utarbeidd rutinar for skule-heim samarbeidet
- Skulen jobbar kontinuerleg for eit felles verdigrunnlag.

Skulen skal jobba vidare med desse utviklingsområda i samarbeid med Høgskulen på Vestlandet fram til våren 2027.

Legg ved rapport: [Rapport ekstern vurdering Norheimsund skule.pdf](#)

Psykososialt miljø

Elevundersøkinga viser auke i tal på elevar på 7. trinn som opplever mobbing. Skulen har hatt fleire skulemiljøsaker (kap. 12 saker). Skulen har gode rutinar for handtering av skulemiljøsaker. Foreldre og tilsette varslar rektor ved mistanke når elev ikkje har det trygt og godt, og det vert sett i gang undersøking med ein gong. Det vert sett inn tiltak på individ-, gruppe- og systemnivå.

Miljøretteiarane har opparbeidd seg god kompetanse og har utarbeidd gode rutinar når det gjeld kartlegging av elevane sitt psykososiale læringsmiljø. Dei retteiarar lærarar i skulemiljøsaker, og føl opp elevar og elevgrupper. Me ser at høgt sjukefråvær blant tilsette utgjer ein risiko for at vaksentettleiken ikkje alltid er god nok, spesielt ute og i overgangssituasjonar.

Det fysiske læringsmiljøet

Skulen er enno fin å sjå til, men det er slitasje i enkelte rom og grupperom. Skulen er bygd for 260 elevar og garderobesituasjonen kan vera utfordrande. Det er laga til oppheng for klede og sekkar andre stader for at alle skal oppleva garderobesituasjonen som god. Skulen har eit stort behov for grupperom då me har fleire elevar med omfattande behov. Barnetalet på SFO har auka, og me hadde ved skulestart 118 barn i SFO. Matsituasjonen kan vera utfordrande med mykje lyd. Elevane er delt i fire grupper ved måltida. Det er framleis gjerde rundt skulen grunna byggeaktivitet på nye Kvam vgs. Skulen har tatt i bruk det nye uteområdet med ballbinge, dissestativ, trampolinar med meir. Elevane har sett stor pris på nytt leikeområde og området er i bruk heile skuletida og på ettermiddagen. Skulen har eit flott uteområde i nærleiken, Orrehaugen, med gapahukar og bålpanner.

Digitalt utstyr

Alle tilsette har eigen pc.

Elevane på 3.–7. trinn har tilgang til eigen PC, i tråd med læreplanen og krava til digital kompetanse. Undervisninga er tilpassa og variert, der digitale verktøy blir nytta til kartlegging og læringsstøtte. Samstundes nyttar me lærebøker og analoge metodar i større grad enn PC, for å sikra god fagleg utvikling og variasjon i arbeidsmåtar. Skulen har fått ei oppgradering når det gjeld digitale tavler på huset. Me har fått bytta ut gamle skjermar med nye. 1. og 2. trinn har nettbrett.

Skulen sitt samarbeid med SU/ FAU

Skulen jobbar godt saman med FAU og det er jamlege møter. Arbeidet med dekke på fotballbanen og nytt utstyrsskur i Orrehaugen er ikkje kome i gang, men satsar på at dette vert prioritert neste skuleår.

Utfordringsbilete

Skulen har i dag fleire elevar enn det skulen er bygd for. Det er spesielt mangel på grupperom og små garderobar som er den største utfordringa. Skulen har fleire elevar som treng eige grupperom tilgjengeleg gjennom heile skule- og SFO-dagen. Det er eit arbeid på gang for å sjå på moglegheiter for betring av grupperom og garderobar.

Skulen hadde for høge mobbetal på 7. trinn ved siste elevundersøking. Døme på tiltak: vaksne er tettare på og meir aktive i friminutt, TL-aktivitetar ute og i idrettshallen, auka elevmedverknad gjennom klasseråd og elevråd, fadder-ordning, tettare foreldresamarbeid og tema på foreldremøta, elevkveldar organisert av klassekontaktane, felles aktivitetar for heile skulen, meir lek og variert undervisning inne og ute.

Skulen hadde ved skulestart ikkje fått tilsett lærarar i alle stillingane. Høgt sjukefråvær er i periodar utfordrande og ein stor slitasje for organisasjonen. Det er viktig at skulen har vikarar tilgjengeleg, men det er ikkje lett å få tak i kvalifiserte vikarar med lærarutdanning.

8.4. Øystese barneskule

Om skulen		Personalressursar	
Bygningsår	1939/1959	Tal lærarar menn/kvinner	28 lærarar, 8 menn og 20 kvinner
Sist renovert/nybygg/tilbygg	1997	Tal assistentar/anna personale i elevretta arbeid menn/kvinner	7 assistentar, 2 miljørettleiarar 1 SFO-leiar og 2 lærlingar. Totalt 11, 1 mann og 10 kvinner
Tal klassar	14	Tal elevar	250

(tal frå GSI 01.10.24)

Bemanning

Skuleåret 24-25 var ein tilsett på vidareutdanning, begynnaropplæring

Utviklingsarbeid

Øystese skule har i år hatt hovudfokus på to utviklingsmål.

Det første er å auka lesedugleiken til elevane. For å styrka leseopplæringa har me utarbeidd ein plan for 1. og er starta på plan for 2. trinn. Planen skal prøvast ut skuleåret 2025–2026. Me har òg auka fokuset på biblioteket som ein viktig arena for leseglede og fagleg utvikling.

Det andre utviklingsmålet er å få ned mobbetala. I dette arbeidet har me laga felles sosiale mål for heile skulen, og elevane har vore aktivt med i prosessen, mellom anna ved å laga plakatar som synleggjer måla. Lærarane har nytta tiltakstrappa som oppfølgingsverktøy ved uynskt åtferd, og FAU har vore involvert gjennom utarbeiding av foreldrereglar som er sendt ut til alle føresette. For å tryggja lærarane i arbeidet er det også lagt vekt på opplæring i lovverket kapittel 12, og korleis me konkret arbeider med kap. 12-saker.

Psykososialt miljø

Det psykososiale miljøet ved Øystese skule er prega av eit samansett bilete. Elevundersøkinga viser at mange elevar trivst godt, samstundes som me har høge mobbetal som me tek på stort alvor. Me

arbeider kontinuerleg med å forbetra rutinar knytt til kapittel 12-saker, og har fokus på å sikra god oppfølging og dokumentasjon. Skulen gjennomfører jamlege undersøkingar for å kartleggja miljøet, og me prøver å involvera både elevar og foreldre aktivt i arbeidet med å skapa eit trygt og inkluderande skulemiljø. Dette er eit langsiktig arbeid som krev både systematikk og medverknad frå heile skulefellesskapet.

Det fysiske læringsmiljøet

Det fysiske læringsmiljøet ved Øystese skule har fleire utfordringar. Inneklimaet er dårleg, med stor variasjon i temperatur og luftkvalitet gjennom dagen. Bygga er gamle og slitne, og det er registrert både mugg og dårleg lukt i enkelte delar av skulen. Uteområdet har òg sine avgrensingar – det manglar ein stad med overbygg der elevane kan opphalda seg når det regnar, og det er få uteleiker til dei minste elevane. Likevel har me nokre gode område ute, som fotballbanen og akebakken, og SFO-hagen er ein fin plass for dei yngste.

Digitalt utstyr

Etter at det vart vedteke at alle elevar på 5. trinn skal få nye PC-ar, har tilgangen på digitale verktøy vorte relativt god. Dette har styrka moglegheitene for variert og tilpassa undervisning i fleire fag. I tillegg har me no fått nye tavler i alle klasserom, noko som gjer det enklare å nytte digitale ressursar i undervisninga. Me har òg fått ei tavle på hjul som kan brukast fleksibelt, mellom anna i 59-bygget, der det tidlegare har vore avgrensa tilgang på slikt utstyr.

Skulen sitt samarbeid med SU/ FAU

Samarbeidet mellom skulen og FAU har vore godt gjennom året. Me har hatt fire møte der hovudfokuset har vore førarbeid til bygging av ny skule, og arbeidet med å styrka skulemiljøet. FAU har vore ein aktiv medspelar og har mellom anna utarbeidd foreldrereglar som er sendt ut til alle føresette. I tillegg har dei arrangert skulelunsj for alle elevane – eit tiltak som har vore både populært og samlande.

Utfordringsbilete

Øystese skule står overfor fleire utfordringar. Trass i at elevundersøkinga viser at mange elevar trivst, har me høge mobbetal som me tek på største alvor. Me arbeider målretta for å betre det sosiale miljøet og styrka fellesskapet. Uteområdet har nokre gode kvalitetar, men framstår som lite inspirerende. Det manglar område med tak som kan skjerme mot ver og vind, og har få uteleiker som stimulerer til leik og aktivitet for elevane. Skulebygga våre er gamle og slitne, og det påverkar både inneklima og læringsmiljø. Mange elevar og føresette klagar over det fysiske miljøet på skulen, mange meiner elevane får vondt i hovudet grunna dårleg inneklima. Undervisninga er spreidd over tre ulike bygg, noko som opplevast som lite samlande og til tider slitsamt for både elevar og tilsette. Dette gjer det vanskelegare å skapa ein felles skulekultur og krev mykje logistikk i kvardagen.

8.5.Kvam ungdomsskule

Om skulen	Personalressursar
-----------	-------------------

Bygningsår	1961/2009	Tal lærarar menn/kvinner	14 menn 21 kvinner
Sist renoveret/ nybygg/tilbygg	Bygd i 1961, påbygd og ombygd i 2009. Noko oppgradert i 2022/2023	Tal assistentar/anna personale i elevretta arbeid	8 kvinner
Tal klassar	12	Tal elevar	261

(tal frå GSI 01.10.24)

Bemanning

Skulen fekk tilsett i alle stillingar i vår, så skuleåret 25-26 har me kvalifiserte lærarar i alle stillingar. Skuleåret 24-25 hadde me to lærarar på vidareutdanning: spes.ped og kunst og handverk. I tillegg fullførte ein lærar master i rettleiing, medan tre andre er under masterutdanning i faga norsk og engelsk. I tillegg held ein lærar fram med vidareutdanning i spes.ped.

Skulen har og kvalifiserte fagarbeidarar i faste stillingar og nyttar berre assistent utan utdanning i kortare vikariat. Tilgang til vikarar var skuleåret 24-25 svært vanskeleg, og skulen hadde i periodar stort sjukefråvær både på kort- og langtid. Oppstart hausten -25 ser det betre ut. Skulen har tilsett 300% lærar over ramma som skal dekkja inn fråvær i tråd med lovverk om tilgjengelege vikarar, og ein har tilgjengeleg kvalifiserte vikarar ut over dette.

Utviklingsarbeid

Skulen har vore gjennom oppfølgingsordninga, som dei andre skulane dei siste tre åra. Ein har hatt fokus på auka elevmedverknad, støtte frå lærar, variert undervisning/vurdering og skulemiljø. I tillegg har tilsyn frå Arbeidstilsynet knytt til HMS-arbeid ved skulen vore i fokus og det er lagt ned tid og energi i å utbetra rutinar og prosedyrar på dette området. Mellom anna har alle tilsette vore gjennom utvida kursing i førebygging av vald og truslar.

Psykososialt miljø

Som nemnt over har det over tid vore fokus på skulemiljøet. Skulen har oppretta eit eige skulemiljøteam som arbeider overordna med planar og system for å ivareta at skulen jobbar samla med forbetringar. Elevane si stemme er viktig og representant for elevrådet vil komande år verta invitert inn i nokre av treffpunkta. Vidare er fokus på at tilsette overheld reglar og rutinar likt, slik at elevane veit kva dei kan forventa av dei vaksne på skulen. Me har også gjennom året mellom anna arbeidd med språkkampanje og trivsel i kantineområdet, noko som har hatt positiv effektiv i elevmiljøet. Ved oppstart i det nye året er særleg inkludering, nettvett/sosiale media og førebygging av mobbing i fokus.

Det fysiske læringsmiljøet

Våren 2025 vart det gjennomført tilsyn av det fysiske miljøet til elevane. Det var kommuneoverlegen som gjennomførte tilsynet. Ein fekk mykje god tilbakemelding i rapporten etter tilsyn, mellom anna at skulen har universell utforming og det er heis tilgjengeleg. Bord og stolar er i stor grad tilpassa elevane.

Det vart likevel funne fire avvik som skal følgjast opp som går på det fysiske læringsmiljøet:

1. Manglande skrifteleg interkontrollsystem – har rutinar på plass, men manglar overordna system for å sikra at alle krav er oppfylt
2. Ikkje nok eigna uteareal. Helsedirektoratet sin rettleiar seier at ei bør ha 50kvm per elev, skulen har om lag 28kvm per elev. I tillegg noko areal som i praksis ikkje kan nyttast.
3. Høge radonverdiar vart funne i 2013. Det er ikkje gjort nye målingar etter dette. Det er grunn til å tru at så lenge ventilasjonsanlegget er i drift så er verdiane innanfor tiltaksgrensa.
4. Vindauge som kan opnast heilt, der elevar kan gå ut på usikra tak og det er potensiell risiko for skade.

Skulen har fått frist til 01.12.2025 for å retta opp i avvika. Teknisk eining ser på løysingar for å hindra at vindauga kan opnast heilt. Det vert gjennomført nye radonmålingar. Internkontrollsystem vert arbeid med på overordna nivå. Kva som må og kan gjerast med tanke på utearealet til elevane er usikkert. Her vil ein gå i dialog med skuleeigar og FAU for å sjå på kva løysingar som kan vera aktuelle. Elevane sjølve etterspør fleire overbygde uteplassar og ein stad å spela fotball.

Digitalt utstyr

Skulen har fått oppgradert alle digitale skjermar i klasserom og grupperom og har no nytt utstyr tilgjengeleg der me ynskjer. Det vert kjøpt inn nye PC-ar til alle elevar på 8. trinn kvart år, som elevane har gjennom tida på ungdomsskulen. Det er likevel noko hard bruk på PC-ane, og ein del må skiftast ut i løpet av dei tre åra.

Skulen sitt samarbeid med SU/ FAU

Det vart gjennomført fire FAU møte skuleåret 24-25. Det er eit aktivt FAU som bidreg positivt inn til skulemiljøet. FAU har utarbeida og oppdatert årshjul som dei følgjer. Mellom anna har dei arrangert halloweenfest for 8. trinn og vårball for heile skulen dette året. FAU jobbar med å få til ein ballbinge på skulen.

Utfordringsbilete

Utfordringsbilete er framleis knytt til reduksjon av mobbetal, og auka faglege resultat på nasjonale prøvar, standpunktkarakter og eksamen. Skulen har sett seg kortsiktige mål om å heva resultata slik at me på alle område ligg på nasjonalt snitt eller betre. Me ser også at me lyt ha stort fokus på skulenærvær. Difor har me sett som mål at elevane totalt sett skal ha 95% skulenærvær i løpet av året. Skuleåret 24-25 greidde me diverre ikkje å nå målet, då totalfråværet låg rundt 6%. Årsaka til dette er i stor grad eit fåtal elevar med svært høgt fråvær. Det vert jobba tett kring desse elevane, som ofte har samansette utfordringar. Ein ser skulefråvær som ein av dei største utfordringane framover, då det ofte er komplekse saker som krev store deler av skulen sine ressursar for å løysast.

8.6. Ålvik skule

Om skulen		Personalressursar	
Bygningsår	2017	Tal lærarar menn/kvinner	7 kvinner 1 mann
Sist renovert/ nybygg/tilbygg	2017	Tal assistentar/anna personale i elevretta arbeid menn/kvinner	7 kvinner
Tal klassar	4	Tal elevar	39

(tal frå GSI 01.10.24)

Bemanning

Ålvik skule har dette skuleåret hatt ca. 6,5 årsverk med lærar, ca. 2 årsverk med fagarbeidar, 1 årsverk med rektor og 0,4 årsverk med miljørettleiar fram til november.

Ein lærar har teke master i spesialpedagogikk, men det var ikkje på vikarordning/stipendordning.

Utviklingsarbeid

Utviklingsarbeidet dette året har dreia seg om Oppfølgingsordninga og fokusområda:

- Trygt og godt skulemiljø.
- Utvikla den ordinære undervisninga med fokus på skriving og lesing.
- Leiarsøtte med fokus på leiing av utviklingsarbeid og lærande møte.

Det psykososiale miljøet

Elevundersøkinga og skulemiljøundersøkingane gjennomført gjennom skuleåret viser at elevane våre stort sett trivst. Likevel ser me at det er viktig å halde fram med å ha eit stort fokus på trivsel og læringsmiljø i alle klassane. Me arbeider kontinuerleg med å innarbeida og følgja rutinane for å skapa eit trygt og godt læringsmiljø. Me undersøker og set inn tiltak ved behov. I dei tre månadene me hadde miljørettleiar, var denne aktivt inne for å førebyggja og tryggja elevane. Fire dagar i veka har me trivselsleiarar blant elevane som legg til rett for god aktivitet i storefri.

Det fysiske læringsmiljøet

Dei fysiske tilhøva ved skulen er stort sett gode, sjølv om gamlebygget (gymsalbygget) treng noko renovering. Golvet i gymsalen må skiftast etter tilsyn frå kommuneoverlegen. Leikeplassen er mykje i bruk også på ettermiddag/kveld og i helger/feriar, men noko av leikeplassutstyret har vorte 25 år gammalt, og har hatt behov for fornying. Huskestativet med seks disser vart erstatta dette skuleåret i samarbeid med FAU. Skliehuset vart rive, men haugen huset stod på vart opparbeida slik at sklia kunne stå att.

Digitalt utstyr

Alle klasserom fekk nye interaktive tavler i juni, så dei er klare til bruk skuleåret 2025-2026. Frå og med 5. trinn har alle elevar kvar sin PC tilgjengeleg. Elevane i 1.-4. har nokre nettbrett og PC'ar, men mange av dei har sett sine beste dagar, så dekninga kunne vore betre.

Skulen sitt samarbeid med SU/ FAU

FAU har hatt 6 møte med ulike tema, mellom anna oppveksttun og skulemiljø. FAU har arrangert elevkveld, bygdedisko og dugnad med grilling og sosial samling. Me har arrangert tre foreldremøte dette skuleåret: hausten 2024 hadde me eitt foreldremøte for heile foreldregruppa der programmet var på skjerm, og felles for alle skulane i heradet. Foreldremøtet vart leia av Guttorm Helgøy frå Læringsmiljøsenteret og tema var "Trygt og godt skulemiljø". Våren 2025 hadde me eitt møte for 7. trinn saman med Øystese skule leia av Utekontakten i samarbeid med Rus og psykisk helse. Her var temaet "Kjipe foreldre - Trygge vaksne". Våren 2025 hadde me òg eit møte for 1.-6 trinn og for skulestartarane i barnehagen med innlegg frå rektor og kontaktlærarane med tema skulemiljø, gode rollemodellar, god helse og skjermbruk.

Utfordringsbilette

Det har vore relativt stort fråvær blant lærarane og fagarbeidarane dette skuleåret òg, men mangelen på vikarar har vore mindre enn dei to føregåande åra, så det har berre i mindre grad gått ut over støttetimar, ITO og FON.

8.7.Vaksenopplæringa

Skuleåret 2024/25 har det vore jobba vidare med implementering av ny læreplan FOV (Førebuande opplæring for vaksne).

Det har vore godt samarbeid i Hardanger/Voss kompetanseregion, og skulane hjelper kvarandre i arbeidet. Det er mykje å setja seg inn i, og det har vore vanskeleg å få tak i læreverk til ny plan og som i tillegg er på nynorsk. Skulen har og hatt fokus på arbeidsretta norskopplæring, og praksisoppfølging av våre elevar som har praksisplass.

På planleggingsdagen i mars var det fokus på lesing, og skulen skal no i gong me lesekurs for elevane.